

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **22.06.2018, kl. 09:30-14:15**  
Møtestad: Indre Sogn psykiatrisenter, Sogndal

## Styremøtet var oppe for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Gry Sætre	Observatør

### Forfall

Aud Ingrid Espeland, medlem  
Wenche Kristin Røkenes, medlem  
Audun Nedrebø, observatør

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerende direktør  
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Kristine Longfellow, fagdirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Øyvind Myrmel, administrasjonssjef Indre Sogn psykiatrisenter

## Sakliste

---

- 048/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 049/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.05.2018
- 050/2018 Administrerande direktør si orientering
- 051/2018 Rapportering frå verksemda per mai 2018
- 052/2018 Risikostyring av styringsmål 2018 – rapportering 1. tertial
- 053/2018 Styringsdokument 2018 – rapportering 1. halvår
- 054/2018 Utviklingsplan for Helse Førde HF
- 055/2018 Plan for prehospitala tenester – fase 1

Saker til orientering:

- 056/2018 Pasientens helseteneste – rapportering om prosjekt i Helse Førde
- 057/2018 Innovasjon i Helse Førde
- 058/2018 Eventuelt  
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Indre Sogn psykiatrisenter i Sogndal.

## STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Administrasjonssjef Øyvin Myrmel orienterte om **Indre Sogn psykiatrisenter/Rutlin**

Historikk:

- Sengepost
- Harastølen fram til 1991
- Gaupne fram til 2004  
Poliklinikkar  
Sogndal BUP og Vaksenpsykiatrisk poliklinikk frå 80-talet i Sogndal sentrum
- Samling alle tenester på Rutlin i 2004 – gjort mogleg av opptrappingsplan for psykisk helse. Samarbeid mellom voksenpsykiatri og BUP

Frå «psykiatriøy» på Rutlin til «minisjukehus»

- ✓ Hudpoliklinikk
- ✓ Pasientreiser
- ✓ Ambulansestasjon
- ✓ Utlån av kontor o.a. på kortare basis

Tilbod:

- ✓ Dreining frå døgn til dag
- ✓ Sengepost 13 senger/ ca 130 utskrivingar per år
- ✓ Aktivitetstilbod (livsstilssjukdomar)
- ✓ Generell poliklinikk, rus og ambulant team, ca 6700 konsultasjonar/500 nye saker per år
- ✓ Kort ventetid (i landstoppen)

ISP har også tilbud om:

- ✓ Alderspsykiatri, eit lite og effektivt team
- ✓ Jobbstøtte Sogn, oppstart vinter 2018, med tett samarbeid med NAV
- ✓ Rekruttering og kompetanse, rekrutterer godt, og utdannar eigne spesialistar

Rutlin hadde ikkje bindingar til gamle institusjonar og vart oppbygd etter ny modell.

*Styret kommenterte på ei interessant orientering om drifta ved ISP.*

Etter avslutta styremøte var det omvisning ved Indre Sogn psykiatrisenter.

## **048/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Forfall til møte vart meldt frå styremedlemmer Aud Ingrid Espeland og Wenche Kristin Røkenes, også brukarrepresentant Audun Nedrebø. Mariann Hundsnes var innkalla for vararepresentant tilsette, og Gry Sætre møtte som brukarrepresentant.

Nye dokument lagt på bordet var:

- Drøftingsprotokoll til utviklingsplan for Helse Førde (styresak 054/2018)
- Høyringsvar frå Balestrand kommune til prehospital plan (styresak 055/2018)
- RHF styresak 073/18 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2019
- RHF styresak 076/18 Forskingsstrategi i tråd med nasjonale føringar
- Nasjonal rapport «Forskning og innovasjon til pasientens beste»

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **049/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.05.2018**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 22.05.2018.

## **050/2018 Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia om nye punkter til AD orientering.

Fagdirektør Longfellow orienterte om:

### **1. Hending psykisk helsevern**

Hendingsanalyse er utført, og overlevert til klinikkdiriktøren. Fylkeslegen hadde sendt svar, som samtidig vart utlagt på fylkesmannen si heimeside. Vi er i gang med oppfølging og rapport med tiltak. Fylkeslegen ber om tilbakemelding innan 1. september.

## **2. Rapportering tilsynssaker - Sepsistilsyn**

Rapport var sendt til fylkeslegen 1. mai og følgt opp i møte med fylkeslegen 13. juni. Fylkeslegen slår fast at vi framleis har to avvik og vil først avslutte tilsynet når alle pasientar med sepsis/spørsmål om sepsis med organfunksjon, og der det er indikasjon for det, får antibiotika innan to timar etter at dei har kome til sjukehuset.

*Styret kommenterte at arbeidet med å få lukke avvika er svært viktig.*

## **3. Nukleærmedisinske undersøkingar**

Tilsyn hausten 2016 gav krav frå Statens strålevern og Statens legemiddelverk. Det vart gitt dispensasjon til å drifte t.o.m. 31.12.2017, med forlenging til 01.06.2018. Søknad om forlenga dispensasjon ut året fekk avslag. Helse Førde har difor ikkje lenger tilbod innan nukleærmedisin, pasientane vert sende til Haukeland.

## **4. Bussulukke i Stryn søndag 3. juni 2018**

Det var ein front mot front-kollisjon mellom minibuss og buss, med totalt 39 personar, derav fleire fastklemde i minibussen og kritisk skadde.

Oppsummeringa viser godt og effektivt samarbeid på skadestad og i spesialisthelsetenesta. Ambulansetenesta vart supplert med anestesilege frå Nordfjord sjukehus. Lokal LV stilte med tilkalla fastlegar og LIS legar frå Nordfjord sjukehus. Kritisk skadde pasientar vart fordelte til Haukeland universitetssjukehus (3) og Førde sentralsjukehus (2). Etter vurdering av legevakt vart ytterlegare 7 pasientar frakta vidare til Førde sentralsjukehus.

Læring etter hendinga vert teke med i det vidare interne beredskapsarbeidet.

Adm. direktør Varden orienterte om:

## **5. Kontor til Stab og støtte**

Helse Førde har ein 10-årig leigeavtale i Førdegården som utgår 31.12.2020. Det vil vere meir effektivt å samle aktiviteten i Førde på sjukehusområdet og ein arbeider med muligheiten for eit modulbygg på sjukehusområdet.

## **6. Kvalitetsindikatorar**

Helse Førde er leiande i landet på kvalitet (siste tertial 2017). Målinga viser at 133 av 175 nasjonale kvalitetsindikatorar er aktuelle for Helse Førde. Føretaket scorar heilt på topp på 33 kvalitetsindikatorar og særleg høgt på indikatorane innan infeksjon, kreft og psykisk helsevern/rus.

Nokre område kan bli betre: Hjerneslag, Heimedialyse, Trygg pleie og Individuell plan v/barnehabilitering

## **7. Helse Førde stafetten**

Helse Førde stafetten vart arrangert 7. juni med god deltaking og god profilering, også i eit folkehelse-perspektiv.

## 8. Solavskjerming/kjøling i høgblokka

Dette var ei mediesak i byrjinga av juni. Adm. direktør, direktør Medisinsk klinikk og direktør Drift/eigedom var innom mange avdelingar og poliklinikkar, det viste at temperaturen ikkje var tilfredsstillande.

Vi vil angripe denne problemstilling i tre trinn:

- 1) På kort sikt: Skaffe nok bordvifter til alle rom der dette kan hjelpe
- 2) På mellomlang sikt: Undersøke om det er råd å få starta montering av utvendige persienner til deler av høgblokka før neste sommar
- 3) På lengre sikt: Oppgradere ventilasjonsanlegget som ev må takast i samband med den generelle oppgraderinga av dei tekniske anlegga i Nye Førde sjukehus.

## 9. Nye Førde sjukehus – løypemelding

Prosess for vurdering av alternative hovudgrep: Arkitektpresentasjon for styringsgruppa var 11. juni. Saka vart drøfta i styringsgruppemøte 19. juni. Avgjerd i saka ved AD i styringsgruppemøte 27. juni.

## 10. Dialogmøte med kommunane 1. juni

Program var:

- Prehospital plan
- Pilotprosjekt på legevaktfeltet – søknad frå Sogn og Fjordane
- Barnehusavdeling – korleis går arbeidet og korleis er det tenkt organisert?
- Revisjon av utviklingsplanen for Helse Førde – status og vegen vidare for prosjekta i Pasientens helseteneste og byggeplanar

## Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

# 051/2018 Rapportering frå verksemda per mai 2018

## Oppsummering:

*Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med orientering om:*

- Ventetid: Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 47 dagar i mai, mot 44 førre år. I april også 47 dagar.
- Tentative timar: Ved utgangen av april var det 14 966 komande episodar med tentativ time. Ein auke frå april.
- Aktivitet: I mai har det vore auke i dagbehandlingar i høve til budsjettet, men nedgang i tal døgn- og polikliniske konsultasjonar. DRG-inntektene er så langt i år høgare enn budsjett.
- Rekneskapsresultatet etter mai var eit overskot på 25,3 millionar kroner, som er 13,6 millionar kroner over budsjettet. Etter ein gjennomgang med klinikkane av forventningane framover ligg resultatet an til å bli i tråd med budsjett.
- Avvik fag og HMS: Sjukefråværet er framleis for høgt, men litt lågare enn førre månad. Det er registrert 5 hendingar som avvik.

*Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet*

Status helsefaglege indikatorar i mai 2018 viser gode tall for Helse Førde, best i Helse Vest.

Totaltø viser 46 359 i mai, som er ein liten nedgang. Direkte timetildeling viser 81% for første time, og 64% for oppfølgingstime.

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og bemanning*

Resultatet etter mai viser eit overskot på 25,3 millionar kroner. Budsjettavviket er positivt med 13,6 millionar kroner. Avviket på varekostnader er grunna lågare kostnader til legemidlar. Det er også lågare kostnader til pasienttransport.

Sjukefråværet var 6,2 prosent i april. Brutto månadsverk var 2200 og netto månadsverk var 2048 i april.

*Styret kommenterte på ein god gjennomgang av rapporteringa som viser gode resultat i Helse Førde. Det er all grunn til å gje honnør til heile organisasjonen for eit slikt resultat.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per mai 2018 vert teken til vitande.

## **052/2018      Risikostyring av styringsmål 2018 – rapportering 1. tertial**

### **Oppsummering:**

Helse Førde har følgjande styringsmål for 2018:

- 1) Taler på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2018
- 2) Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2018 (samanlikna med 2017). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan fire år (2021)
- 3) HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen
- 4) Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagelg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk
- 5) Helse Førde utviklar verksemda med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp
- 6) Helse Førde får eit økonomisk resultat som gjer føretaket i stand til å investere i nytt utstyr og bygg, og utvikle kompetansen

Helse Førde skårar høgt på mange nasjonale kvalitetsindikatorar. Samstundes syner rapporteringa på risikostyringa etter 1. tertial at føretaket på nokre område er eit stykke unna målsettinga. Det blir fortløpande vurdert kva område som har størst risiko, og kva tiltak som skal settast inn.

Adm. direktør Varden orienterte om rapporteringa. Vi må ha meir merksemd på brukarmedverknad. Føretaket viser gode tall, men vi må ha fokus på den gylnge regel.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering på risikostyring i Helse Førde 1. tertial 2018 til vitande.

## **053/2018      Styringsdokument 2018 – rapportering 1. halvår**

### **Oppsummering:**

Halvårleg rapport av krav i styringsdokumentet er ein del av Helse Vest RHF sitt grunnlag for rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet.

Rapporten viser gode kvalitetsresultat for Helse Førde HF, der vi i hovudsak oppfyller eigarkrava sett til lokale føretak.

Adm. direktør Varden orienterte om rapportering på styringsdokumentet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek Helse Førde HF sin halvårsrapport for styringsdokumentet 2018 til vitande.

## **054/2018      Utviklingsplan for Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Utviklingsplanen for Helse Førde har ein tidshorison fram mot 2035. Det er føresett rulling av planen kvart 4. år. Planen byggjer på gjeldande plan frå 2015, utviklingsarbeid som er gjort i Helse Førde dei siste åra, og peikar ut retning framover. Planen skal sendast til Helse Vest RHF innan 30. juni 2018 og skal saman med planane til dei andre helseføretaka i Helse Vest vere del av grunnlaget for regional utviklingsplan.

Styret handsama høyringsframlegget 9. april 2018, og utviklingsplanen vart sendt på intern og ekstern høyring med frist 12. mai 2018. Samla har ein motteke 22 høyringssvar, med omkring 170 innspel.

Hovudtema i tilbakemeldingane har vore at det er ønska meir vekt på brukarmedverknad, utdanning og rekruttering. Mange har vore opptekne av at psykisk helsevern må styrkast. Interne høyringssvar har dreia seg om at det må vere merksemd på at helsepersonell får nok tid til pasientane, på styrking av kompetanse og medarbeidarkvalitet, og at det må vere god balanse mellom kvalitet og omsynet til effektiv drift.

Adm. direktør Varden orienterte om prosessen med utviklingsplanen. Det vert laga ein kortversjon av plandokumentet og arbeidd for at dokumentet er levande i organisasjonen. Styret vil med jamne mellomrom få løypemeldingar med oppfølging av planen.

*Styret kommenterte at det har vore ein solid prosess som har resultert i eit godt plandokument som gir eit godt innblikk i kva Helse Førde skal vere framover og skal verte eit arbeidsverktøy for organisasjonen og styret. Planarbeid og utviklingsarbeid er eit kontinuerleg arbeid.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner vedlagde utviklingsplan for Helse Førde.

Utviklingsplanen vert send over til Helse Vest RHF.

## 055/2018 Plan for prehospitala tenester – fase 1

### Oppsummering:

Styret i Helse Førde HF gav i styresak 068/2017 tilslutnad til at prosessen med å utvikle og implementere ein plan for heile det prehospitala området skal gjennomførast i tre fasar.

- 1) Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår
- 2) Detaljering av modellar
- 3) Implementering av valt modell

Høyringsutkastet for fase 1 var første gong oppe i styret i sak 022/2018 i mars 2018. Rapporten vart sendt ut til høyring i april, med frist til 30. mai. Det har kome inn 9 høyringsuttaler som kan oppsummerast slik:

- Viktigheita av eit tett og godt samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Forventningar til ein legevakt-pilot i Sogn og Fjordane
- Utvikling av akutthjelparordningar
- Fokus på responstid ved akuttoppdrag
- Behov for å utvikle vaktordningar med heimevakt i ambulansetenesta
- Viktigheita av å ikkje redusere tal ambulansestasjonar eller -bilar
- Tiltak for å redusere bruk av ordinære ambulansar til transportoppdrag (t.d. ved kvite bilar)
- Viktigheita av ein open og involverande prosess også i fase 2 av prosjektet

Adm. direktør Varden orienterte om prehospitala tenester – plan for fase 2. Det blir framleis lagt vekt på involvering, openheit og informasjon. Tentativ tidsplan med mandatarbeid vart presentert. Vedtak mandat vert styrehandsama 28. oktober. Prosjektprosessen er beregna til om lag eit år, fram til 1. oktober 2019.

*Styret kommenterte at styret har ei rolle til utforming av mandat, ikkje for detaljert, men det overordna prinsipielle. Tidsplanen kan bli justert. Styret ønskjer å drøfte mandatet på prinsipielt nivå i møte 5. september.*

### Vedtak (samrøystes):

1. Rapport for Prosjekt prehospitala tenester – fase 1 vert godkjent, med dei merknader som kjem fram i møtet.
2. Høyringsfråsegnene som har kome inn gjev viktige bidrag til prosessen og skal takast med i det vidare arbeidet.
3. Styret ber administrerande direktør sette i verk arbeid med mandat for fase 2 slik det er skissert i styresaka.



## Saker til orientering:

### **056/2018      Pasientens helseteneste – rapportering om prosjekt i Helse Førde**

#### **Oppsummering:**

Helse Førde følger opp prosjekt gjennom porteføljestyling for å sikre samsvar mellom strategiske mål, gjennomføring av tiltak og riktig prioritering. Denne rapporteringa omhandlar:

- Program Alle møter – Helse Førde
- Program HELIKS – Helse Førde
- Pasientens helseteneste
- Prosjekt utanfor program Helse Førde

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om status for prosjekta i Helse Førde.

*Styret kommenterte at det er viktig med rapportering og å ta ut effektiviseringsgevinstar av utviklingsprosjekta.*

*Administrasjonen vil sjå på kva prosjekt som skal prioriterast, og knytte desse til oppfølging av utviklingsplanen.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret for Helse Førde tek rapportering om og program Pasientens helseteneste per juni 2018 til orientering.

### **057/2018      Innovasjon i Helse Førde**

#### **Oppsummering:**

Innovasjon er eit prioritert område for spesialisthelsetenesta. HelseOmsorg21 peikar på at ein må sjå forskning, utdanning og innovasjon (kunnskapstriangelet) i samanheng. Strategien er også oppteken av næringsutvikling innan helse og omsorg, der kommersialisering av innovasjonar spelar ei sentral rolle.

Helse Førde har lite kompetanse på kommersialisering og innovasjonar og har difor inngått avtale med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) om samarbeid for bistand til desse oppgåvene.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om innovasjon i Helse Førde.

*Styret kommenterte at dette er ei viktig sak som også må følgjast opp ved rullering av forskings- og innovasjonsstrategien, m.m. i høve IPR, eigarposisjon m.m.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til orientering.

## 058/2018      Eventuelt

### Admincontrol:

Styremedlemmene var godt nøgde med at styredokumenta no var levert via Admincontrol, som er ein styreportal for lagring og arkivering av styredokument. Styret ønskjer som rutine å få saklista opptrykt og lagt på bordet i styremøta. Dersom styremedlemmer ønskjer andre styredokument utskrive, gjev ein melding til administrasjonen.

Det er mogleg å få opplæring frå Admincontrol på styremøte 5. september. Dersom det er behov for programvare hardword på iPad, så gi tilbakemelding.

### Sommarfest 23. august:

HR-direktør Skjelten orienterte om sommarfesten. Dei som spelar på kveldstid har konsert for pasientar på dagtid. Styret er invitert til å delta.

## Skriv og meldingar

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, juni og juli 2018

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Drøftingsprotokoll til utviklingsland for Helse Førde (styresak 054/2018)
- Høyringssvar frå Balestrand kommune til prehospital plan (styresak 055/2018)
- RHF styresak 073/18 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2019
- RHF styresak 076/18 Forskingsstrategi i tråd med nasjonale føringar
- Nasjonal rapport «Forsking og innovasjon til pasientens beste»

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland  
(sett)

---

Reidar Sandal

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Tor Vidar Myklebust

---

Ivar Eriksen

---

Randi Aven

---

Hans Jacob Westbye

---

Arthur Norevik

---

Mariann Hundsnes  
Varamedlem tilsette

